



# AURLAND KOMMUNE

Årsmelding  
2011



# Årsmelding 2011 – Aurland kommune

## Innhald:

Overordna kommentar v/ rådmannen	s. 3
Folketalsutvikling og årsverk i kommunen	s. 4
Sjukefråvære og utvikling av disposisjonsfond	s. 5
Netto lånegjeld pr. innbyggjar i kommunen og regionen	s. 6
100 Politiske organ	s. 7
110 Rådmannsfunksjonen	s. 8 - 11
210 ABU og vaksenopplæringa	s. 12 – 13
220 Kommunale barnehagar	s. 14 – 15
230 Flåm skule	s. 16 – 17
300 Helse og førebygging	s. 18 – 19
301 NAV	s. 20 – 21
302 Barnevern	s. 22 – 23
310 Pleie, rehabilitering og omsorg	s. 24 – 28
500 Kommunal driftseining (inkl. brann)	s. 29 – 31
900 Nøytrale inntekter og utgifter	s. 32

## **INNLEIING**

Med dette vert årsmelding for 2011 lagt fram til politisk handsaming frå administrasjonen si side.

Aurland Kommune har klart å oppretthalde det same gode tenestetilbodet i 2011.  
Pr 31.12.2011 var folketalet 1 712, som er ein auke på 23 frå 31.12.2010.

Økonomisk sett har har 2011 gjeve eit netto driftsresultat på kr 20,2 millionar, som er 8,6 millionar betre enn i 2010. Resultatet er stort sett i samsvar med budsjett. Dette viser mellom anna i at lønskostnadane er nesten identisk med revidert budsjett.

Aurland Kommune hadde totalt 201 årsverk i 2011, som er ein reduksjon på 2 samanlikna med 2010. Ein del av desse årsverka vert refunderte frå andre (t.d Lærdal kommune, Hamnevesenet og verdsarven). Årsverka fordeler seg med 150 kvinner (74,6 %) og 51 menn (25,4 %). Som ein ser ut frå tala er det langt frå den ideelle fordelinga med tanke på likestilling og ikkje uventa er dei "kvinnebaserte" yrka som pleie og omsorg og barnehagar som gjer at kvinneprosenten er så stor. Gjennom utlysingar av stillingar blir menn oppfordra til å söke på desse områda, men det er vanskeleg å få til ei jamn fordeling av kjønna, noko som vel er gjennomgåande i landet elles og. Det har også vore gjort tiltak for å rekruttere fleire blant anna i barnehagane gjennom lønspolitikk.

Sjukefråværet i kommunen var i 2011 på 5,3 % som er ein oppgang på 1,2 % samanlikna med det svært låge talet i 2010.


Tenesteleiariane har skrive kommentarar til sine ansvarsområde med fokus på økonomi, brukarar og personalressursar. Det er også laga til ein del grafar ut frå kostratal der vi har samanlikna med tidlegare år samt med dei andre kommunane i regionen.

Aurland 15. mars 2012


Steinar Søgaard



Rådmann

## Innbyggjartal Aurland kommune pr. 01.01. 2004 - 2012




## Årsverk i kommunen






## Netto lånegjeld pr. innbyggjar i Aurland kommune 2005 - 2011



## Netto lånegjeld i regionen pr. 31.12.2010



## Ansvar 100 Politiske organ

	Regnskap 2011	Buds(end) 2011	Regnskap 2010
Ansvar: 100 POLITISKE ORGAN			
10010 KOMM.ST./F.SKAP	2.036.031	2.086.016	1.710.630
10014 EIGEDOMSSTYRET	54.942	73.178	49.706
10015 VAL - POLITISKE PARTI	227.489	201.150	61.232
10016 UTVAL FOR PLAN OG UTVIKLING	129.221	78.793	67.620
10017 UTVAL FOR OMSORG, OPPVEKST OG KULTUR	60.183	62.425	41.535
10018 BRANNSTYRE	3.982	35.464	27.930
10020 AMU	10.865	0	70.617
10022 TAKST/OVERTAKSTNEMND EIGEDOMSSKATT	4.061	6.729	4.820
10025 KONTROLLUTVAL	37.005	47.590	46.343
18011 ELDRERÅDET	10.426	17.708	23.022
18014 OVERFORMYNDERIET	44.131	38.589	26.806
18015 RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA	2.481	11.103	4.485
18016 ANDRE POLITISK VALDE NEMNDER/ARBEIDSGRUPPE	0	0	19.355
Sum ansvar: 100 POLITISKE ORGAN	2.620.816	2.658.745	2.154.102
<b>TOTALT</b>	<b>2.620.816</b>	<b>2.658.745</b>	<b>2.154.102</b>

Ein oversikt over møteverksemda syner slik aktivitet

	2011		2010		2009	
	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	9	134	7	90	9	106
Formannskapet	15	74	12	83	20	114
Administrasjonsutvalet	6	20	6	26	13	25
Fondstyret	10	36	9	38	8	43
Kommuneplannemnda	3	5	3	4	4	6
Kommunalt klageorgan	3	3	2	2	0	0
Omsorg, oppvekst og kultur	6	39	6	31	9	50
Drifts- og eigdomsutvalet	6	27	6	25	11	60
Plan og utvikling	8	81	8	82	12	93
Brannstyret			3	10	4	10

## **Ansvar 110 Rådmannsfunksjonen**

### **Innleiing**

Ansvar 110 "rådmannsfunksjonane" omfattar sentraladministrasjonen og kulturområdet.

Rekneskapen syner nettoutgifter på 13,2 millionar for 2011

### **Bemanning**

Det er 21,6 årsverk knytt til ansvarsområdet per 31.12.11. Dette er ein reduksjon på 1 årsverk frå 2010. Det er totalt 30 tilsette, av desse er 13 menn og 17 kvinner. Deltidsstillingar er stort sett knytt til musikk- og kulturskulen, bibliotek og fritidsklubb. Stillingar i sentraladministrasjonen er som hovudregel heiltidstillingar. Gjennomsnittsalderen på dei tilsette er 50 år. Sjukefråværet var 2,1% i 2011, ned frå 7,2% i 2010 og 2,3 % i 2009.

### **Økonomi**

Rekneskapen syner nettoutgifter på 13,2 millionar ein auke på 500.000 frå 2010, men ein innsparing i høve budsjett på nesten 400.000.

Hovudtal frå driftsrekneskapen	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Lønn (kto 10000-10999)	12 617 047	12 388 690	13 846 529
Andre driftsutgifter (kto 11000-15999)	4 650 358	4 280 600	4 938 682
Sum driftsutgifter	17 267 405	16 669 290	18 785 211
Driftsinntekter (kto 16000-20000)	4 111 016	3 133 900	6 042 177
Resultat	13 156 389	13 535 390	12 743 034

Lønsutgiftene for ansvar 110 er omrent i samsvar med budsjett. Reduserte lønnsutgifter i høve fjoråret skuldast at det ikkje er tilsett vikar ved delvis permisjon og redusert arbeidstid innan kulturskulen og økonomi, lønn og personalområdet.

Rekneskapen syner at driftsutgiftene er større enn budsjettet. Dette skuldast utbetalingar til "Inn på tunet" og "økoløft" som er ført her samt ekstra tilskot til Trudvang Kino i samband med digitalisering av kinoen.

Grunnen til den store reduksjonen i driftsinntekter frå 2010 skuldast at det i 2010 vart inntektsført bruk av disposisjonsfond med kr 815.000 i samband med prosjektstilling. I tillegg var det i 2010 inntekter på refusjon av sjukepengar og foreldrepengar med tilsaman nesten 1 million.

### **Rådmannsfunksjonen**

#### **Tilsette rådmannsfunksjonen**

Det er 2,6 årsverk knytt til overordna leiing i kommunen. Stillinga som rådmann, assisterande rådmann og funksjon for skulefagleg rådgjeving og beredskapsarbeid inngår i den overordna leiinga.

## **Støttefunksjonane**

### **Tilsette støttefunksjonane**

Ved utgangen av 2011 var det 11,5 lønna årsverk innanfor støttefunksjonane (kommunetorg, sentralarkiv, økonomikontor, lønn og personal). Aurland kommune handterer fakturabehandling, fakturering, lønn og rekneskapsføring for Lærdal kommune innanfor denne ramma. Tenester til Lærdal kommune tilsvarer inntil 2,5 årsverk. Lærdal kommune har overteke arbeid med skatteinnkrevjing (bortsett frå egedomsskatt) for Aurland kommune. Vi kjøper tenester tilsvarande 1 årsverk for skatteoppkrevjing. Budsjettet for 2012 er vedteke med lik bemanning.

### **Drift av støttefunksjonane**

- **Kommunetorget**

Eit toårig informasjonsprosjekt med mål om å styrke det generelle informasjonsarbeidet i kommunen blei avslutta ved utgangen av 2011. I prosjektperioden er det laga ny heimeside, utarbeid betre rutinar for kommunikasjon og framlegg til kommunikasjonsstrategi for kommunen skal leggast fram for politisk handsaming i 2012. Den faste bemanninga ved kommunetorget er auka frå 2012 mellom anna for å jobbe systemretta med informasjonsplikta i kommunen.

- **Sentralarkiv**

Sentralarkivet har hatt kapasitetsproblem og det har vore midlertidig tilsetting ved sentralarkivet i 2011. Kapasitetsproblem har gjort at det er eit etterslep på fleire arbeidsområde ved sentralarkivet. Rapportar henta frå sak- og arkivsystemet syner at talet på inngåande dokument har auka frå om lag 3000 til 4000 på 5 år og talet på journalførte dokument har auka frå om lag 6000 til 7500 i same periode. I budsjettet for 2012 er det oppretta ei prosjektstilling ved sentralarkivet, slik at total bemanning på 2,5 årsverk blir midlertidig vidareført. Mål med prosjektet er ajourhold og gjennomgang av arbeidsoppgåver og rutinar med mål om å tilpasse drifta ei bemanning på to årsverk frå 2014. I 2011 har kommunen kartlagt og funne at papirarkiv frå 1964-1998 utgjer 300 hyllemeter saksarkiv og 40 hyllemeter personregistermateriale. Det er ei målsetting at dette arkivmaterialet skal overførast til fylkesarkivet. Fylkesarkivet tek på seg arbeidet med å sortere og ta imot materialet mot betaling. Kostnader må innarbeidast i økonomiplan og budsjett.

- **Økonomi, lønn og personal**

Økonomi- og lønnsavdelinga har i 2011 teke i bruk nye modular i fagsystemet Visma Enterprise og starta innføring av elektronisk reiserekning og mottak av elektronisk faktura. Målsettingane er meir effektive og miljøvenlege arbeidsmåtar. Innføring av nye system er arbeidskrevjande og det vil framleis ta ei tid før effektivisering blir synleg i høve til bemanning. I økonomiplan for 2012-2015 ligg det ei forventning om reduksjon tilsvarande 0,5 årsverk i løpet av planperioden. Det har ikkje vore nytta personalressursar til utvikling på personalområdet i 2011. Utviklingsarbeid på dette området har såleis vore på eit minimum.

## Kulturområdet

### A. 12018 Kulturadministrasjon

- a. Stillingar
  - i. Kulturfagleg ansvar 40 %
  - ii. Kulturrådgjevar i 100 % (lokalhistorisk)
  - iii. Kulturmedarbeidar i 100 %
- b. Utvikling
  - i. E-CO Vannkraft si utstilling vart opna med stor fest i 2011.
  - ii. Oppussing og ombygging i Heradshuset - som skissert i førre årsmelding - er gjennomført (inkl. samarbeidsprosjekt med Aurland og Lærdal Reiselivslag).
- c. Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet
  - i. Dei første utbetalingane av tippemidlar til Aurlandshallen vart gjort i 2011 med kr 3 500 000,-. Tilskot til klatreveggen kr 465 000,-
  - ii. Trimrommet, skytehallen (2012/ 2013) og restutbetaling for Aurlandshallen (3.5 mill) i 2012.

### B. 23110 Arbeid med barn og ungdom

- a. Klubbleiar i 50 % stilling
- b. 23110 omfattar Aurland fritidsklubb, Ungdomens kulturmønstring og Nattevandring.
- c. Tal på brukarar om lag uendra i høve året før.
- d. Det vart sett i gang ein prosess med tanke på å få på plass eit ungdomsråd.

### C. 37010 Kunnskapstunet (Aurland folkebibliotek og Infohagen)

- a. Stillingar (redusert med 30 % i høve 2010):
  - i. Biblioteksjef 50%
  - ii. Leiring Kunnskapstunet 10 %
  - iii. Bibliotekmedarbeidarar 110 %

Aktivitetar: Utlån av bøker (auka med ca 28 % i høve 2010). Tilgangen til biblioteket er forbetra ved at det er bygd ein universelt utforma inngang på nordsida (mot Hopen). Eit bokmagasin på om lag 10 m<sup>2</sup> er lagt til biblioteket i samband med ombygginga på skuledelen av bygget. Det har elles vore føredrag, konserter, tilbod på kurs (Excel, Word, GIS, ACOS, Adobe Photoshop), videokonferansar, filmframstilling, support data, temautstillingar. I skuleåret 2010-11 vart infohagen nytta som klasserom på grunn av rehabilitering ved Aurland barne- og ungdomsskule.

- b. Foredrag, konserter, skuleåret 2010-11 vart infohagen nytta som klasserom for elevar (rehabilitering ABU) tilbod på kurs (Excel, Word, GIS, ACOS, Adobe Photoshop), videokonferansar, filmframstilling, support data, temautstillingar.

### D. 38310 Aurland musikk- og kulturskule

- a. Tilsette: 370% stilling
- b. To stillingar delte mellom Aurland og Lærdal kommune. Aktiviteten i 2011 er om lag uendra frå året før.
- c. Undervisninga går framleis hovudsakleg føre seg i brakkeriggen ved AIS, og denne fungerer i og for seg bra som ei mellombels løysing, men det er tydelege signal blant dei tilsette på at det hastar med "å få til ei permanent løysing.

### E. 38510 Generelle kulturtiltak (Kulturmidlane)

- a. kr 70 000 i driftstilskot til Trudvang kino utan søknad.

b. kr 330 000 fordele av OOK etter søknadsrunde.

**F. Nynorske litteraturdagar**

- a. Festivalen vart gjennomført for 6. gongen i 2011. I tillegg arrangerte Nynorske litteraturdagar konsert med Vamp 13. juli. I overkant av 600 fekk oppleva ein flott konsert på ein fantastisk konsertarena (festplassen på SJH)
- b. Rekneskapen syner eit lite overskot i høve budsjettet
- c. Publikumsauke i høve førrre år

## **Ansvar 210 ABU og Vaksenopplæringa**

### **Innleiing**

Tenesteeininga ABU, ansvar 210, omfattar desse tenestene (funksjonane):

- 20210 ABU-grunnskule
- 21310 Vaksenopplæringa
- 21510 ABU-sfo
- 22210 Skuleskyss ABU

ABU-grunnskule er den dominerande tenesta med 93 % av budsjettet.

### **Plan for eininga**

Tenestene som vert gjevne, er i stor grad nedfelt i opplæringslova som kollektive og individuelle rettar. Dette gjeld grunnskuleverksemda inkl. spesialundervisning, spesialpedagogiske tenester for vaksne, og skuleskyss for born med lang eller trafikkfarleg skuleveg. Opplæringslova fastset at kommunen skal gi eit skulefritidstilbod til elevar i 1.-4.klasse, og kommunale vedtekter fastset korleis tilbodet skal drivast. 2011 er første heile året med leksehjelptilbod for elevar i 1.-4.klasse. Tilboden vert gjeve i sfo .

### **Drifta av eininga**

I heile 2011 har drifta vore sterkt prega av ombygginga av skulen. Stikkord er:

- eit vårhavår med undervisning og arbeidstilhøve i provisoriske lokale
- eit hausthalvår med innflytting og innkøyring av nye lokale

Ved årsskiftet stod framleis fullføring av kunst-og handverksbygget att. Det ser ut til at våren 2012 går med før me kan rekne med at alt er på plass, og den daglege drifta er over i normale former. Dersom vedlikehald vert tilstrekkeleg prioritert, vil ABU kunne vere eit funksjonelt og framtidsretta skulebygg for fleire ti-år framover.

Uteområdet er nedslite pga av elde og anleggsarbeidet dei siste par åra. Det treng sårt til opprustning.

Det er høge forventningar både lokalt og sentralt til utvikling og læringsresultat i skulen. Status vert omtalt og vurdert i tilstandsrapport for grunnskulen, som vert lagt fram for kommunestyret ein gong pr år.

### **Personale/tilsette**

For å kunne nå opp mot forventninga til resultat både nasjonalt og lokalt, er kompetanseutvikling for personalet ein nøkkelfaktor. Nytt av året er satsing på kompetanseutvikling i klasseleiing for alle pedagogane i kommunen. Dette vert gjennomført i samarbeid med høgskulen i Sogndal. Tilsvarande opplegg bør gjennomførast for andre grunnleggande tema dei komande åra.

Det vert gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette ein gong i året.

Nøkkeltal for sjukefråvær: 1,4 % i 2010, 3,0 % i 2011. Tala er godt under gjennomsnittet for kommunen. Samarbeidet med arbeidstakarorganisasjonane fungerer tilfredsstillande.

### **Tal årsverk og tilsette**

Ved utgangen av 2010 hadde eininga 28,0 årsverk fordelt på 39 fast tilsette og årvikarar. I tillegg var 2 stillingar på til saman 1,6 årsverk vakante. Totalt vert dette 29,6 årsverk.

Ved utgangen av 2011 hadde eininga 28,3 årsverk fordelt på 34 fast tilsette. I tillegg kjem 90 % prosjektstilling for miljøterapeut fram til sommaren 2013. Totalt vert dette 29,2 årsverk. Det er altså

ein liten nedgang i talet på årsverk frå 2010 til 2011.

Gjennomsnittalderen har auka til ca. 51 år. Dette er godt over landsgjennomsnittet for skulesektoren. Det er 69 % kvinner og 31 % menn i tenesteeinnga.

### Økonomi

Tabellen under viser rekneskapstal og budsjett for 2011, og rekneskapstal for 2010. (mill)

	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Løn m.m.	16,698	16,446	15,743
Andre driftsutgifter	1,853	1,584	1,80
Driftsinntekter	1,320	0,805	1,422
Nettoutgift	17,230	17,225	16,121

Nettoutgifa for eininga er i samsvar med budsjettet. Utgiftsauken er på ca 1,1 mill frå 2010. Det meste av dette kan tilskrivast auka personalutgifter.

Det har vorte mindre pengar til innkjøp av materiell m.m. dei siste åra. Om me ser bort frå bygningsdrift og skuleskyss, vert no berre ca 8 % av budsjettet brukt til innkjøp av varer og tenester.

### Avslutning

Opplæring og skulemiljø har hatt stort fokus dei siste par år. Skulen opplever stadig aukande forventningar både lokalt og frå nasjonale styresmakter. Samtidig ser det ut til at det er fleire barn no enn tidlegare som ikkje maktar å følgje den vanlege undervisninga. Dette fører til auka behov for ressurskrevjande individuell tilpassing av opplæringa. Denne trenden ser ein att i nasjonal statistikk.

## **Ansvar 220 Kommunale barnehagar**

### **Innleiing**

Kommunale barnehagar (KBA) omfattar Skjerping barnehage (SBH), Flåm barnehage (FBH), Vangen barnehage (VBH) og Dalen barnehage (DBH).

### **Gjennomføring av plan for eininga**

Frå nytt barnehageår 15.08. er VBH redusert med ei avdeling for store barn. Alle barnehagane har no to avdelingar, ei for store barn, og ei for små barn. Unnataket er SBH som har ei felles avdeling. Sommaren 2011 vart det gjennomført felles sommaropning på VBH, og dei andre barnehagane var då stengde i juli månad. KBA har hatt 2 lærekandidatar i 2011 og driv fagleg utviklingsarbeid saman med barnehagane i Lærdal. Alle avdelingane for store barn deltek i Aurland kommunale musikkskule sitt prosjekt for musikk i barnehagen, eit særskild vellukka prosjekt. KBA og Spirene Gardsbarnehage har underskrive samarbeidsplan.

### **Dagleg drift av eininga**

Dagleg drift er prega av at barnehagedrifta er spreidd på 4 einingar, medan leiinga er sentral. Vi har ein vanskeleg styringsstruktur utan styrarar på kvar eining. Dette er ei heilt spesiell organisering for vår kommune i høve andre kommunar, og gjev store utfordringar fordi pedagogisk innhald, kvalitet og vurdering må samsvara i heile KBA. Barnehagane har drifta si i kommunen sine eldste bygg, og vedlikehaldet har ikkje vore prioritert. IKT- strukturen er gamal og ikkje oppdatert.

### **Personale/tilsette**

Då talet på avdelingar ved VBH gjekk ned, vart 2 assistentar overførde til ABU. Pedagogstillingen, der ein fagarbeidar hadde vore konstituert, vart ikkje utlyst. Oppgåver i høve barn med særskilde behov, førte imidlertid til at talet årsverk ikkje vart redusert tilsvarende.

Alt personale gjennomfører to dagar felles planlegging per år. Samtlege assistantar/fagarbeidaranar har i tillegg gjennomført kurs om lærande organisasjonar. Møtestrukturen i KBA er i endring med bakgrunn i dette og med bakgrunn i vidareutdanninga "Sats på barnehagen – Snu Sogn" som samtlege pedagogar og leiinga deltek på. I løpet av 2011 har 3 assistantar teke fagprøven.

Funksjon	2011 (per 15.12.11)				2010 (per 15.12.10)			
	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Alder**	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Alder**
20110 FBH	5,8	8	8		5,1	8	8	
20111 SBH	1,7	2	2		1,6	2	2	
20113 DBH	4,4	5	5		5,0	6	6	
20114 VBH*	7,9	10	9		8,6*	12	11	
SUM	19,8	25	24	46,5	20,3	28	27	45,0
Sjukefråver	5,2%				4,3%			

Tala viser fast tilsette. \* = Inkludert 1,6 å.v. administrasjon. \*\* = Gjennomsnitt.

Fråveret har auka noko siste året. Dette gjeld mest for langtidsfråveret  $\geq 17$  dagar. Ein stor del av dette er jobbrelaterte muskel- og skjelettplager. Dette er dessverre vanlege slitasjeskader i barnehagar, og KBA har utfordringar med gamle hus og innreiingar. Her har KBA utviklingspotensiale og vil halda fram samarbeidet med bedriftshelsetenesta. Det er då ein føresetnad at KBA kan rekna med støtte frå HMT-fondet.

## Økonomi

Hovudtal frå driftsrekneskapen	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Lønn (kto 10000-10999)	11 445 942	10 454 310	10 102 398
Andre driftsutgifter (kto 11000-15999)	970 972	609 000	984 694
Sum driftsutgifter	12 416 914	11 063 310	11 087 092
Driftsinntekter (kto 16000-20000)	2 951 496	1 859 000	8 977 044
Resultat	9 465 418	9 204 310	2 110 048

Resultatet viser overforbruk på 260 000. Dette er personalutgifter, og størstedelen er overforbruk på postane for pensjon og arbeidsgjevaravgift. Vikarutgiftene er altfor høge. Dette gjev KBA ei klar utfordring samanlikna med andre kommunar som har færre einingar, og som derfor er meir fleksible i drifta.

## **Ansvar 230 Flåm skule**

Tenesteeininga har skule, skulefritidsordning (SFO) og skuleskyss for elevar frå Skjerping, Undredal og Flåm.

### **Planar og drift**

Flåm skule arbeider etter læreplanen Kunnskapsløftet og dei lover og forskrifter som er nedfelte i opplæringslova. Nærare konkretisering av måloppnåing og resultat i høve dette vil koma fram i tilstandsrapporten som vert lagt fram seinare i år.

Vi har gjennomført drifta av skulen og SFO stort sett som planlagt i 2011. Tilbod om gratis leksehjelp til alle elevar i 1 – 4. klasse er gitt i SFO-tida. Det pedagogiske personalet har delteke på etterutdanning i klasseleiing saman med personalet på ABU, og ein tilsett har starta på vidareutdanning i spesialpedagogikk. Etter- og vidareutdanning for personalet vil det vera jamleg trong for framover. Både for å møta krav om resultat etter planverket, men òg fordi vi etter kvart har eldre arbeidstakarar som sit på kompetanse som vi vil ha trong for å erstatta etter kvart. Ei viktig gruppe tilsette er assistentane i skule og SFO som på ingen måte må gløymast når det gjeld tilbod om kompetanseheving.

Flåm skule har stor trong for opprusting både på personal- og utstyrssida når det gjeld IKT. Vi har trege linjer opp til skulen, noko som skapar mange frustrasjonar i skulekvardagen både for tilsette og elevar. Det hadde vore sterkt ynskjeleg med fiberkabel for å få eit kjappare og meir stabilt nett. I tillegg manglar skulen personalressurs i høve drifting av IKT. Vi har ingen som kan ta seg av den tekniske sida av utstyr og vedlikehald utanom å nyitta velviljen til ein allereie "overbelasta" kommunal IT-konsulent. Læreplanen pålegg auka bruk av digitale læringsverktøy og har strenge krav til mål i høve digital kompetanse hjå elevane. Det er lite tilfredsstillande at skulane i kommunen ikkje har like vilkår når det gjeld drift og vedlikehald i høve dette viktige området.

Ekstraordinært tiltak for ein elev med særlege behov har funne si form hausten 2011.

### **Personale/tilsette**

Flåm skule har eit stabilt personale. Vi har totalt 14 kvinner og 1 mann tilsett. Gjennomsnittsalderen er 47 år. Grunna særskilt elevtiltak har vi tilsett ein person meir på skulen i 2011 samanlikna med 2010 - ein assistent.

Vi har ein lærar og ein assistent i permisjon. Våren 2011 hadde vi òg ein lærar i svangerskapspermisjon. Ein lærar har, frå hausten 2011, 10% permisjon grunna vidareutdanning. Sjukefråværet er stabilt lågt.

Teneste	2011		2010	
	Tilsette	Årsverk	Tilsette	Årsverk
Flåm skule	12	10,4	11	10,97
Flåm SFO	3	1,6	3	1,85
<b>Sum</b>	<b>15</b>	<b>12</b>	<b>14</b>	<b>12,82</b>
Fråvær		1,5%		1,4%

## Økonomi

Hovudtal frå driftsrekneskapen	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Lønn (kto 10000-10999)	6 416 013	6 151 522	5 647 821
Andre driftsutgifter (kto 11000-15999)	618 184	649 000	630 658
Sum driftsutgifter	7 034 197	6 800 522	6 278 479
Driftsinntekter (kto 16000-20000)	659 169	268 000	440 836
Resultat	6 375 028	6 532 522	5 837 643

Driftsresultatet syner at vi har eit positivt resultat. Dette skuldast tilførte lønsmidlar på kr. 570 000 i budsjettrevisjonen grunna ekstraordinært elevtiltak, og refusjon av lønsmidlar frå Utdanningsforbundet sentralt på om lag kr. 270 000. Dette er midlar vi får refundert grunna tillitsverv i organisasjonen, men som det ikkje var sendt krav om frå 2009 fram til 2011. Refusjonskrav til Utdanningsforbundet skal til vanleg sendast inn to gonger årleg.

Kommunen får også refundert delar av lønsutgiftene knytt til ekstraordinært elevtiltak. Dette vert ført til inntekt på NAV og vil ikkje koma fram som inntekt på Flåm skule.

## **300 Helse og førebygging**

### **INNLEIING**

Tenesteeining for helse og førebygging omfattar legekontor, psykisk helsearbeidar, jordmor, helseesyster, ergoterapi, fysioterapi og merkantil. Legevakt er organisert i interkommunal avtale.

### **DRIFT AV EININGA**

Det har lenge vore vanskar med å få til stabilitet i stillinga for psykiatrisk sjukepleiar. Det er no tilsett i stillinga, men vedkommande er i vidareutdanning, og vil ta til i stillinga sommaren 2012.

Jordmor har permisjon i tida oktober 2011 til mai 2012, og i hennar sitt fråvere har Aurland samarbeid med Helse Førde og Lærdal kommune, der vi kjøper tenester frå Helse Førde, lokalisiert i Lærdal kommune. Dette tyder at dei gravide har kunna teke turen til Lærdal og fått oppfølging i svangerskapet der.

Tenesteleiarar for pleie, rehabilitering og omsorg har i 2011 vore fungerande tenesteleiarar for helse og førebygging.

Aurland kommune v/ helse og førebygging har i 2011 etablert avtale med Lærdal kommune, NAV og Lærdal apotek om budbilteneste som bringar medisin frå apoteket og leverer blodprøvar til sjukehuset i Lærdal. Dette er ei ordning som har fungert godt.

Den nye helsereforma (Samhandlingsreforma), som er planlagt igangsett frå 01.01.12, fører med seg deltaking i ulike prosjekt som t.d. Samhandlingsbarometeret, arbeid med ny helse og omsorgsplan og prosjekt om eventuell etablering av eit lokalmedisinsk senter, lokalisiert til Lærdal sjukehus.

### **PERSONALE/TILSETTE**

Tenesteeininga er kvinnedominert, og gjennomsnittsalder på dei tilsette er omkring 50 år. Det har vore gjennomført medarbeidarsamtalar i 2011. Tenestene er prega av stabilitet og lite fråver. Sjølv om fråversstatistikken syner ein liten oppgang frå 1,5% i 2010 til 2,6% i 2011, er fråveret i tenesteeininga svært lågt.

#### **Tilsette - gjennomsnittsalder**

	<b>Kvinner</b>	<b>Menn</b>
Tal tilsette	9	2
Gjennomsnittsalder	52	59

#### **Sjukefråver 2010 2011**

	<b>1,5%</b>	<b>2,6%</b>
--	-------------	-------------

Årsverk

2010

2011

Tenestene		
Legar	2	2
Lege - turnuskandidat	1	1
Helsesekretærar	1,8 inkl 0,2 seniortiltak	1,6
Sjukepleiar	0,6	0,6
Psykiatrisk sjukepleiar	Delvis vakant	Delvis vakant
Helsesyster	1	1
Jordmor	0,35	0,35
Ergoterapeut	0,75	0,75
Fysioterapeut - kommunal	0,4	0,4
Fysioterapeut - driftsavtale	0,6	0,6
Fysioterapeut - turnuskandidat	1	1
Merkantil	1 inkl 0,2 seniortiltak	0,6
<b>Totalt (inkludert turnuskandidatar for lege og fysioterapi)</b>	<b>10,5</b>	<b>9,9</b>

## ØKONOMI

Hovudtal frå driftsrekneskapen	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Lønn (kto 10000-10999)	6 376 222	6 303 845	6 530 551
Andre driftsutgifter (kto 11000-15999)	2 483 816	2 156 200	1 564 945
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>8 860 038</b>	<b>8 460 045</b>	<b>8 095 496</b>
Driftsinntekter (kto 16000-20000)	2 585 648	2 555 000	2 265 527
<b>Resultat</b>	<b>6 274 390</b>	<b>5 905 045</b>	<b>5 829 969</b>

Rekneskapen for 2011 syner eit negativt avvik på 369 000,- på drifta av helse og førebygging. Opprinnelag budsjett for 2011 var 6 175 144,-. I samband med budsjettregulering vart budsjettramma endra ned. Det viser seg at dette vart litt for optimistisk i høve til det endelege resultatet for eininga.

## **Ansvar 301 NAV**

Tenestene Aurland kommune har ved NAV kontoret er:

- Lov om sosial tenester i NAV Som eksempelvis:
  - Økonomisk stønad – sosialhjelp – sosialt-lån.
  - Kvalifiseringsprogrammet
  - Midlertidig bustad
  - Bustad for vanskelegstilte, jfr også § 3-4 i lov om sosiale tenester
  - Råd og rettleiing
  - Generelt førebyggjande arbeid
- Særlege tiltak for rusmiddelavhengige.
- Husbank, dvs bu-stønad, startlån og ulike tilskottsordningar.
- Gjeldsrådgiving / økonomisk rådgiving og gjeldsordning.

Under konsulent for funksjonshemma er tenestene;

- Støttekontakt
- Omsorgsløn
- Brukarstyrt personleg assistent
- Avlastning
- Ledsagerkort funksjonshemma

### **Drift av eininga**

Kontoret ikkje har hatt optimal bemanning, noko som har medført utfordringar i høve til den daglege drifta. Dette særleg dei siste månadane. Ein konsekvens er at brukarane ikkje har fått den oppfølging dei burde hatt, samt at kontoret har vore ein del stengt. Dette av di vi har vore sær sårbar i forhold til fråvær som til dømes sjukdom og sjuke born.

Det har elles vore ein auke i tal brukarar både fastbuande og tilflyttarar. Om lag 60 personar har hatt behov for sosialhjelp i kortare eller lengre periodar av året.

Vi har også hatt fleire utfordringar i høve bustad, som har medført at personar har budd lengre periodar med provisoriske løysingar.

### **Personale/tilsette**

Stillingsnemning	Kommunal	Statleg
Leiar (statleg tilsett – kom ref.)	50 %	50 %
Sosialkonsulent	100 %	
Rådgjevar		50 %
Rådgjevar Vakant frå desember 10		100 %
Konsulent for funsj. Vakant frå juli 10	50 %	
Bemannning etter samarbeidsavtala	200%	200%
Bemannning pr. 31.12.11.	150%	100%

Konsulent for funksjonshemma er langtidssjukemeld og stillinga har vore vakant heile året. Med noko småfråvær i tillegg vert sjukefråværet i prosent høgt, då NAV kontoret er ei lita eining. Kontoret har berre kvinnelege tilsette.

Sosialkonsulenten gjekk ut i foreldrepermisjon i august, og det er teke inn vikar i stillinga. Fordi kontoret er så lite, må dei tilsette meistre både dei kommunale og statlege oppgåvene i kontoret. Dette tek tid å tilegne seg, då oppgåvespeskteret er vidt.

NAV har også hatt ein 100% kommunal ekstraressurs ved kontoret t.o.m. medio oktober. Vi hadde ikkje klart å løyse dei kommunale oppgåvene utan denne. Særleg gjeld dette for gjeldssakane. Den statlege stillinga som vart vakant desember 2010, har vore vakant heile 2011.

## Økonomi

Hovudtal frå driftsrekneskapen	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Lønn (kto 10000-10999)	3 016 331	2 643 019	3 566 768
Andre driftsutgifter (kto 11000-15999)	4 226 730	3 767 000	2 677 428
Sum driftsutgifter	7 243 061	6 410 019	6 244 196
Driftsinntekter (kto 16000-20000)	1 648 819	720 000	1 189 948
Sum driftsinntekter			
RESULTAT	5 594 242	5 690 019	5 054 248

Årsaka til dei auka utgiftene er tiltak kring ein ressurskrevjande brukar. Då budsjettet vart lagt, hadde vi ikkje oversikt over kva tiltaka ville kome på og utgiftene vart stipulert for lågt. Dei auka inntektene skuldast auka statleg refusjon i samband med same brukar. Utgiftene til sosialhjelp har gått ned også dette året.

## Konsulent for funksjonshemma:

Stillinga som konsulent for funksjonshemma har vore vakant heile 2011. Det er no tilsett i stillinga med oppstart januar 2012. Som konsekvens av vakanse har dør-til-dør vore administrert frå ergoterapistenesta og den eine brukaren med brukarstyrd personleg assistent har vore administrert frå pleie og omsorg. Pleie og omsorg har også hatt budsjettet for denne brukaren. Dette har fungert bra. Resten av tenestene har leiar for NAV kontoret teke sjølv, i tillegg til eigne oppgåver.

Det er starta opp eit omfattande avlastningstiltak i år. Tiltaket er pr i dag det mest omfattande tiltaket vi har. Lokale for avlastninga vert leidt av Årdal kommune, og personalressursar vert kjøpt frå Melås AS. Dette av di det ikkje har lukkast å få etablert tiltaket på eige hand.

Grunna personalsituasjonen er status i dag slik at sakene ikkje vert følgt opp slik dei skal, samt at det er lang sakhandsamingstid på nye søknadar.

Ut i frå det bilete vi ser av mottakarane og potensielle mottakarar av desse tenestene, vil tenesta berre auke i omfang framover. Særleg ser vi at det kjem fleire brukarar som vil komme inn under kategorien ressurskrevjande brukarar neste år.

## **Ansvar 302 Aurland og Lærdal barnevern**

### **Innleiing:**

Aurland og Lærdal barnevern er ei interkommunal teneste som jobbar etter Lov om barneverntenester i begge kommunane. Rådmann i Aurland har ansvaret for tenesta.

Tenesta har 5 tilsette, fordelt på leiar, sakshandsamar og tiltakskonsulent. Me har fungert som ei teneste sidan 1.september 2009, og er særstakt nøgd med ordninga.

### **Brukarar:**

Aurland hadde 20 born i tiltak i 2011

Lærdal hadde 25 born i tiltak i 2011.

Det er eit stort sprik frå 2010 i Lærdal i høve til tal på brukarar. Det skuldast at det var mange av sakene frå 2010 som låg klare til avslutning i utgangen av året og difor drog opp talet på brukarar.

Aurland og Lærdal har ikkje gjennomført noko brukarundersøking i 2011. Dette vil bli forsøkt gjennomført i 2012. Det er utfordrande å få til gode undersøkingar for det er små forhold i begge kommunar.

### **Økonomi:**

I fylgje vertskommuneavtalen pkt 7, skal alle driftsutgifter førast på Aurland kommune og fordelast 31.12. etter ein fordelingsnøkkel på antal born mellom 0-18 per i kommunane pr. 31.12 i budsjettåret.

#### Lærdal

Funksjon	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
24400	1.878.488	1.589.941	1.542.724
25100	240.325	648.003	303.313
25200	762.751	1.185.234	1.083.083
Sum Lærdal	2.881.564	3.423.178	2.929.121

#### Aurland

Funksjon	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
24410	822.202	1.313.556	863.259
25110	318.206	397.645	333.028
25210	1.032.070	872.337	1.297.570
Sum Aurland	2.172.478	2.583.538	2.493.856

#### Aurland og Lærdal samla

	Rekneskap 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 2010
Sum Aurland og Lærdal	5.054.042	6.006.716	5.422.977

Aurland og Lærdal barnevern ligg under det som det vart budsjettert med i 2011. Det er fleire årsaker til dette.

- Rekninga for siste kvartal på institusjon kjem ikkje før i februar og er ikkje kome med
- Det er fleire tiltak som vart planlagt iverksett i 2011 som ikkje kom i gang. Desse vil komme att i 2012.  
Dette gjeld mellom anna fosterheimspllasseringar og bruk av sakkyndig i sak.
- Det var også planlagt tiltak på born som er flytta frå kommunen. Desse vart då ikkje iverksett.  
Det er her snakk omfattande tiltak som ikkje gjev refusjon frå Bufetat

**Personal/tilsette:**

Aurland og Lærdal barnevern har 5 tilsette, alle kvinner. Gjennomsnittsalderen er 40 år.

Alle stillingane er i utgangspunktet 100%, men to tilsette har hatt reduksjon i stilling på 20%. På grunn av krav om innsparingar i Lærdal kommune har Aurland og Lærdal barnevern kutta 25% stilling. Dette er stillinga som miljøarbeidar som var knytt til Lærdalsøyri skule. Dette kuttet har ikkje medført store endringar for tenesta.

Aurland og Lærdal barnevern har hatt ein tilsett som har vore sjukmeld sidan oktober 11. Dette har medført auka arbeidspress på dei andre tilsette, og er no løyst ved at ein har tilsett vikar i 50% stilling.

Utover dette har ikkje tenesta noko sjukefråver som er utover normalen.

Det er høgt tempo og stort arbeidspress i barnevernet og alle tilsette kjenner frå tid til anna på dette. Likevel er det godt arbeidsmiljø, med tilsette som trivst og støttar kvarandre.

## **Ansvar 310 Pleie, omsorg og rehabilitering**

### **INNLEIING**

**Aurland helsetun** gir tilbod om langtidsplass, kortidsplass, avlastingsopphald, vekselpleie, sjukepleie, legetilsyn, fysioterapi og diverse sosiale aktivitetar.

**Heimebasert omsorg** omfattar heimesjukepleie, spesielt tilrettelagde heimetenester, praktisk bistand (heimehjelp), omsorgsbustader, tiltak innanfor ordninga brukarstyrd personleg assistanse, matombringning, trygghetsalarmer, ressurssjukepleie i kreftomsorg, demensteam og dagtilbod for heimebuande demente.

**Pleie og omsorgstenestene** disponerer 24 institusjonsplassar, 9 omsorgsbustader, 9 aldersbustader, 5 psykiatribustader, 4 heildøgns omsorgsbustader i tenesta for psykisk utviklingshemma og eit bufellesskap for eldre med 5 plassar.

### **PLAN FOR EININGA**

Pleie og omsorgstenestene er tungt regulerte av nasjonale føringar, forskrifter og lover.

Tenesteeininga har likevel utarbeidd ein eigen tiltaksplan, der kvar avdeling seier noko om kva som skal satsast på for gjeldande år, og kva som det må jobbast fortløpande med. Tiltaka blir stort sett utført som skissert i planen.

### **DRIFT AV EININGA**

Førebuing til den nye, store helsereforma (Samhandlingsreforma) har naturleg nok prega tenesteeininga i 2011. Helsereforma er planlagt igangsett frå 01.01.12, med ei gradvis innføring over tid. Denne reforma har ført til at fleire nye lover og forskrifter er vedtekne, og tilsette i tenesteeininga har i 2011 delteke på kurs, temadagar og nettverkssamlingar for å setje seg inn i det nye lovverket. Intensjonen i reforma er at innsatsen skal dreia mot folkehelse, førebygging og eigenmestring, og ein større del av helsetenestene må ytast av kommunane.

Førebuing til reforma skjer og gjennom deltaking i fleire prosjekt, m.a. utarbeiding av ny helse og omsorgsplan (her deltek Aurland i lag med Lærdal og Årdal kommunar) og eit prosjekt som går på mulegheit for å etablere og drive eit lokalmedisinsk senter, lokalisert til sjukehuset i Lærdal (i forstudien deltek 7 sognekommunar).

I samband med innføring av ny helsereform blir det viktig å avklare kva Aurland kommune skal ha ansvaret for åleine, og kva kommunen eventuelt ønsker/må samarbeide med andre kommunar om for å løyse nye oppgåver som blir pålagt kommunen.

Det må nemnast at Aurland helsetun hadde Helsetilsynet på besøk i 27. og 28.09.11. Tilsynet var meldt på førehånd, og temaet var Lov om pasientrettar, kap. 4A – bruk av tvang til pasientar utan samtykkekompetanse og som motset seg helsehjelpa. Nye reglar vart innført frå 01.01.09, og formålet med regelverket er å sikre pasientar utan samtykkekompetanse nødvendig helsehjelp, sjølv om dei motset seg helsehjelpa samt å redusere tvangspraktikken overfor denne pasientgruppa ved å setje fokus på tillitsskapande tiltak og alternative løysingar. Dette er eit krevjande og vanskeleg område å forhalde seg til, og vi var svært godt nøgde då Helsetilsynet ikkje avdekkja tilhøve ved Aurland helsetun som førde til merknader eller avvik.

Drifta i tenesteeininga elles er stabil, og det er liten endring i tal brukarar:

**Tal på heildøgnsbebuarar ved Aurland helsetun etter kjønn og alder ved utgangen av 2010 og ved utgangen av 2011**

**Pr. 31.12.10**

**Pr. 31.12.11**

	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
0-17 år	0	0	0	0
18-49 år	0	0	0	0
50-66 år	0	0	0	0
67-74 år	1	1	1	0
75-79 år	2	1	3	2
80-84 år	4	2	2	3
85-89 år	3	4	2	5
90 år og oppover	1	3	2	3
I alt	<b>11</b>	<b>11</b>	<b>9</b>	<b>13</b>

Aurland helsetun har gjennom året hatt omlag 97% belegg (KOSTRA tal). Det vil seie at det har vore ledige rom ved Aurland helsetun berre i svært korte periodar gjennom året

**Mottakarar av heimesjukepleie og/eller praktisk bistand etter kjønn og alder ved utgangen av 2010 og 2011**

**Pr. 31.12.10**

**Pr. 31.12.11**

	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
0-17 år	0	0	0	0
18-49 år	1	4	4	4
50-66 år	7	5	7	5
67-74 år	6	8	4	3
75-79 år	1	5	3	6
80-84 år	7	13	6	12
85-89 år	4	11	8	13
90 år og oppover	4	4	3	7
I alt	<b>30</b>	<b>50</b>	<b>36</b>	<b>50</b>
<b>Snittalder</b>	<b>74</b>	<b>76</b>	<b>73</b>	<b>76</b>

Statistikken her (IPLOS tal) syner at tal brukarar av heimesjukepleie og/eller praktisk bistand held seg nokså konstant og med små endringar i aldersfordeling på brukarane.

#### **PERSONALE/TILSETTE**

Pleie, rehabilitering og omsorg er ei stor tenesteeining med mange tilsette. 5 av dei tilsette er menn, resten er kvinner. Gjennomsnittleg stillingsprosent i direkte brukarretta teneste er omlag 75 %. Tenestene må i stor grad nytte vikarar ved fråver. Det er elles vanskeleg å yte dei tenester som brukarane er tildelte gjennom enkeltvedtak. Det er ei positiv haldning hjå dei tilsette til å ta på seg ekstra vakter i periodar ved fråver. Det har vore gjennomført medarbeidarsamtalar i 2011. Det kjem fram i medarbeidarsamtalar og i andre samanhengar at arbeidsmiljøet jamt over blir opplevd som bra. Tenesteeininga har, i saman med arbeidstakarorganisasjonane, fokus på at deltidstilsette skal få auke stillingane sine, og fokus på opplæringstiltak og mulegheiter for utvikling av dei tilsette. Ein sjukepleiar har permisjon i 2 år for å ta vidareutdanning innan eldreomsorg, 1 sjukepleiar har delvis permisjon for å ta vidareutdanning i kreftomsorg og lindrande behandling og 1 omsorgsarbeidar har delvis permisjon for å ta sjukepleieutdanning på deltid. 2 studiesirklar med tema demensomsorgens ABC vart avslutta i 2010, og ein ny studiesirkel vart starta oppi 2011. Gjennom denne opplæringsforma får tilsette grunnleggande kunnskapar om demensomsorg, og utviklinga syner at omsorgstenestene får god bruk for kunnskap på dette feltet. Tenesteeininga har lærlingar, både i kokkefag og helsearbeidarfag.

#### **Tilsette - gjennomsnittsalder**

	Kvinner	Menn
Tal tilsette	87	5
Gjennomsnittsalder	51	47

Gjennomsnittsalder på alle tilsette i tenesteeininga i 2010 var 53 år. 16 av dei tilsette var over 60 år. Dette tyder at tenesteeininga om nokre få år står framfor store utfordringar i høve nyrekrytting til ledige stillingar ettersom mange tilsette dei kommande åra kjem til å gå av med pensjon. Likevel ser vi ein liten betring i snittalder frå 2010 til 2011. Tenesteeininga har klart å erstatte personar som har gått av med pensjon, og yngre tilsette gjer at snittalderen går ned.

#### **Sjukefråver 2010 2011**

	4,9%	7,5%
--	------	------

Statistikken for sjukefråver (eigenmeldingar inkludert ) viser ei fin utvikling frå 7% i 2008, 5,4% for 2009 og 4,9% for 2010. Legemeldt sjukefråver er nede i 4 % for tenesteeininga i 2010. Vi ser ein auke i sjukefråveret frå 2010 til 2011. Sjølv om det i tenesteeininga blir jobba med oppfølging av dei sjukmelde, har fråveret auka i 2011. Det er det legemelde sjukefråveret som har auka mest, og tenesteeininga har hatt fleire langtidssjukmelde enn på lang tid. Vi har i stor grad oversikt over kva som er årsaker til lengre sjukmeldingsperiodar, og det er ikkje grunn til å tru at dette skuldast tilhøva på arbeidsplassen. Fokus på førebyggande tiltak, på jobbnærver og tilrettelegging i arbeidssituasjonar må halde fram.

Årsverk	2010	2011
Aurland helsetun - heildøgnsdrift (inkl. aktivitør/miljøarbeidar, merkantil)	26,8	26,8
Aurland helsetun – kjøkken	2,7	2,7
Heimebasert omsorg (inkl. heimesjukepleie, praktisk bistand, bufellesskap, merkantil)	19,6	19,0
Heimebasert omsorg - psykiatribustader	3,9	3,9
Heimebasert omsorg - heildøgns drift bustader for psykisk utviklingshemma	8,3	8,3
Heimebasert omsorg - dagtilbod for heimebuande demente	0,9	0,9
Heimebasert omsorg - vaktmeister	1,0	1,0
Vaskeri	0,6	0
Tenesteleiar	1,0	1,0
<b>Totalt</b>	<b>64,8</b>	<b>63,6</b>

Endring i årsverk frå 2010 til 2011 tilsvarar ein nedgang på 1,2 årsverk. Denne endringa skuldast ein reduksjon i årsverk i den heimebaserte omsorga og endring i samband med vaskeridrifta i Fjordsenteret som følgje av at Aurland arbeidssamvirke (AKAS) vart nedlagt. Aurland helsetun har ikkje lenger tilsette i vaskeriet.

#### Årsverk – omsorgstiltak/spesielt tilrettelagte heimetenester

I tillegg til tala for årsverk som kjem fram i tabellen ovanfor, kjøper Aurland kommune v/ pleie og omsorg omsorgstenester frå privat aktør i samband med omsorgstiltak, tilsvarande om lag 9 årsverk.

## ØKONOMI

<b>Hovudtal frå driftsrekneskapen</b>	<b>Rekneskap 2011</b>	<b>Budsjett 2011</b>	<b>Rekneskap 2010</b>
<b>Lønn (kto 10000-10999)</b>	40 809 697	40 075 944	38 159 768
<b>Andre driftsutgifter (kto 11000-15999)</b>	9 978 197	8 914 000	4 330 687
<b>Sum driftsutgifter</b>	50 787 894	48 989 944	42 490 455
<b>Driftsinntekter (kto 16000-20000)</b>	11 080 432	8 425 500	5 981 607
<b>Resultat</b>	39 707 462	40 564 444	36 508 848

Rekneskapen for 2011 syner eit positivt avvik på 856 982,- på drifta av pleie og omsorgstenestene. Det vart i 2011 gjort endring i budsjettet i høve til at ein del av tariffesta tillegg på lønn var underbudsjettert (grunnlagsendring). Differansen elles mellom driftsutgifter og driftsinntekter frå 2010 til 2011 skuldast i stor grad at ein ny funksjon er lagt inn i pleie og omsorgsbudsjettet; spesielt tilrettelagde heimetenester, der omsorgstiltak med omfattande personalbehov blir postert.

## **Ansvar 500 Kommunal driftseining**

### **Innleiing**

Kommunal driftseining utførar arbeidsoppgåver innan desse fagområda:

- Planarbeid –
  - o areal/regulering
  - o Kommunedelplanar
  - o Samfunnsplanar
  - o økonomiplan
- Kommunale eigedomar
- Kommunale vegar- gateljos
- Vatn & avløp/Miljøstasjon
- Grøntanlegg
- Byggesak – oppmåling
- Brann

### **Planarbeid for eininga**

Også i 2011 har arbeidspresset på område planarbeid - areal/regulering halde fram. Ca 11 reguleringsplanar har vore under arbeid, 3 av dei er private. 5 planar er slutthandsama av kommunestyret. I 2011 blei det stadfesta 2 kommunale reguleringsplanar. Pr 31.12.2011 låg det 6 planar/byggesaker til handsaming hjå Fylkesmannen for endeleg avgjerd (klage). KDP for næring er under arbeid. Handlingsdel /økonomiplan er utarbeidd og vedteken. Ein regionalplan er under arbeid.

### **Driftsoppgåver**

Kommunal driftseining sine kjerneoppgåver kan delast i to område:

- 1) Intern tenesteproduksjon retta mot drift og vedlikehald av bygningsmasse og tilhøyrande utomhusanlegg som andre tenesteeiningar nyttar i sin tenesteproduksjon.
- 2) Ekstern tenesteproduksjon som er retta mot infrastruktur (t. d vatn(avløp)- kommunale vegar -grøntanlegg, byggesak og oppmåling.)

Arbeidet med vedlikehald av kommunale eigedomar blei nedprioritert utover i året som følgje mellom anna forureining av Aurland Vassverk. Tenesteeininga har hatt eit betydeleg meirarbeid med å lokalisere smittekjelda og gjennomføring av tiltak for å avgrense risiko for fare for liv og helse. Dette arbeidet blei gjennomført i nært samarbeid med Mattilsynet og kommunelegetenesta.

Elles har eininga eit betydeleg etterslep på vedlikehald av all infrastruktur og eigdomsmasse. Dette fører til at eininga slit med å drive eit planmessig førebyggande vedlikehald. Ressursane vert i staden nyttu til å handtere akutthendingar gjennom året, noko som ikkje er ønskjeleg. Over tid vil dette føre til auke i årleg driftsutgifter.

I 2012 er det seld eit bustadhus (Rygg 5)

### **Organisasjonsendring.**

2011 er siste år for ansvar 700 brann og communal beredskap. Kommunal driftseining har i løpet av 2011 overteke personal og driftsansvar for fagområde brann, mens communal beredskap er overført til ansvar 110.

## Personal/tilsette

Tilsette:	2011	2010	Endring
- Kvinner	- 22	21	-
- Menn	- 18	17	-
<b>Sum</b>	<b>- 40</b>	<b>38</b>	<b>-</b>
<b>Sjukefråvær:</b>			-
Eigenmelding	- 0,7%	0,6%	+0,1%
Korttid < 16 dagar	- 0,7%	2,8 %	-2,1%
Langtid > 16 dagar	- 5,7%	0,6 %	+5,1%
<b>- Sum</b>	<b>7,1%</b>	<b>4,0%</b>	<b>+3,1%</b>

Kommunal driftseining har i 2011 hatt 40 tilsette i arbeid. og eit sjukefråvær på 7,1 %. Sett i høve til 2010 er dette ei endring på +3,1%. Hovudårsaken til dette skuldast auke i langtidsfråvær. Kommunal driftseining har ei kjønnsfordeling med 55% kvinner og 45 % menn. Det er elles vert å merke seg at kortidsfråværet er redusert betydeleg i 2011, sett i høve til 2010.

Tenesteeininga har eit godt arbeidsmiljø utan pågåande konfliktar og utfordringane med å få tilsett kvalifisert arbeidskraft innan reinhald for å dekke opp permisjonar og sjukefråvær har også halde fram i 2011.

## Personalressursinnsats

Funksjon	Årsverk 2011	Årsverk 2010	Endring
Administrasjon	- 3,2	- 3,2	- 0
Plan-byggesak-oppmåling	- 2,8	- 2,8	- 0
Kommunale eigedomar	- 4,0	- 4,0	- 0
Kommunale vegar	- 4,8	- 4,80	- 0
Vatn & avløp-miljø	- 2,6	- 2,6	- 0
Reinhald	- 11	- 13,4	- -2,4
<b>Sum årsverk</b>	<b>- 28,4</b>	<b>- 30,8</b>	<b>- -2,4</b>

Samla ressursbruk er redusert frå 2010 til 2011 med 2,4 årsverk. Dette skuldast mellom anna naturleg avgang innan reinhald og redusert engasjement/vikarbruk innan reinhald. Det er grunn til å peika på at redusert ressursbruk innan reinhald inneber betydeleg auka press på denne arbeidsgrunna som følgje av at det ikkje er noko reduksjon av reinhaldsareal i 2010. Over tid er det all grunn til å vere urolig overfor denne utviklinga.

#### Økonomi:

Art	Buds(end)	Regnskap	Avvik	Avvik
	2 011	2 011	2 011	2010
Løn	14 556 328	14 876 066	319 738	356
Andre driftsutgifter	17 342 500	19 006 964	1 664 464	2 942 483
Driftsinntektar	12 843 000	14 271 151	-1 428 151	1 409 002
	19 057 839	19 613 890	556 051	<b>1 535 847</b>

Rekneskapen for 2011 for KDE synar eit netto meirforbruk i høve til budsjett på om lag 560 000. Dette er ei overskridning av tildelt budsjetttråme på om lag 2,9 %. Sett i høve til rekneskap for 2010 er avviket redusert med om lag 1 mill kr. Avvika fordeler seg slik:

#### Løn:

Kommunal driftseining har eit samla overforbruk på løn i 2011 på ca 320 000. Ca 140 000 skuldast mellom anna bruk av overtid som følgje av ein snørik vinter 2010/2011. Elles har eininga overskridning på løn i 2010 i tilknyting til pensjon.

#### Andre driftsutgifter

Andre driftsutgifter har eit overforbruk på ca 1,65 mill. Ca 900 000 skuldast overforbruk på vedlikehald innan vatn og avløp. VA anlegga har eit betydeleg behov for oppgradering. Utgifter i tilknyting til nytt påkoplingspunkt for nybygg til Ægir Bryggeri i Orøyane er belasta drifta. Desse kostnadane skulle eigentleg ha vore finansiert med bruka av næringsfondet, ettersom dette er tilrettelegging for ny næringsvirksomheit. Utgiftene er imidlertid belasta drifta som følgje av for dårlige rutinar i tilknyting til rapportering i tertial.

#### Inntekter

På inntektssida er det ei samla meirinntekt på ca 1,4 mill. Aula inntekter kjem først og fremst frå refusjonar og innbetaling av forsikringsoppgjer i tilknyting til skade på miljøbod i Gudvangen. Elles er det meirinntekter i høve til budsjett både på bygesaksgebyr og festeavgift i høve til budsjett. I 2011 er det føreteke gjennomgang av festeavgifter og det er avdekka manglande rutinar ved innkreving av festeavgift.

Årsgebyr for VA synar imidlertid ein svikt på ca 400 000 i høve til budsjett. Hovudårsaka til dette er forsinka fakturering til ECO-Vannkraft etter påkoling av ECO-Vannkraft til kommunalt avløpsanlegg i Vassbygdi. Dette vil verte etterfakturert med verknadstidspunkt 01.06.2011 og inntektsført i 2012.

## Ansvar 900 – nøytrale inntekter og utgifter

	Regnskap 2011	Buds(end) 2011	Regnskap 2010
Ansvar: 900 NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER			
10020 AMU	155.285	289.000	0
10024 REVISJON	199.935	330.000	275.050
10025 KONTROLLUTVAL	135.976	140.000	161.198
12011 STØTTEFUNKSJONANE	592.555	566.059	307.357
12012 PLAN OG UTVIKLING	0	0	132.850
12013 KOMMUNETORGET	0	0	6.389
12014 FELLESUTGIFTER	897.954	368.000	1.600.787
12015 FELLESUTGIFTER - IKT	2.580.055	2.679.112	1.864.558
12016 HOVUDTILLITSVALD	324.446	315.945	316.940
12018 KULTURADMINISTRASJON	96.159	0	0
19010 PPT – TENESTA	706.904	426.600	811.037
20113 DALEN BARNEHAGE	0	0	245
20114 VANGEN BARNEHAGE	187.911	113.400	249.192
20115 SPIREN BARNEHAGE	1.346.433	1.300.000	400.000
23311 FØREB. ARBEID HELSE/SOSIAL	288.109	325.000	283.156
27301 TILRETTELEGGINGSTILTAK	623.653	952.753	463.100
27302 LÆRLINGER	0	0	409.279
28512 HAMNEVESENET (SKAL REFUNDERAST) 0	0	41.242	
32510 NÆRINGSFOND	0	26.733	0
33012 HAMNEVESENET	26.409	14.375	0
36022 VERDSARVSEKRETÆRIATET	0	13.374	-0
36520 NYNORSKE LITTERATURDAGAR	82.940	0	60.625
39010 KYRKJELEG FELLESRÅD	2.237.182	2.200.000	2.200.000
Sum ansvar: 900 NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER	<b>10.481.907</b>	<b>10.060.351</b>	<b>9.583.005</b>

Dei kostnadane og inntektene som ligg på ansvar 900 er sånne som ikkje er direkte knytta til nokon av dei andre einingane samt fellesutgifter som gjeld alle einingane. Årsaken til avviket mot budsjett på rekneskapen skuldast hovudsakleg større kostnader til PPT – tenesta inklusive psykolog enn budsjettert samt ein del avskrivningar av gamle krav og nokre ekstraordinære fellesutgifter i 2011.

### IKT

Dette er kjøpt inn og sett i drift på IKT Investering for 2011:

- Nye pc'ar til lærarane på ABU i samband med innflytting i nytt renovert bygg.
- Administrativt skulesystem (SATS) for ABU og Flåm skule. Dette er første del av godkjenning for FEIDE (Felles Elektronisk IDEntitet), dvs. ein pålogging for alle tenester i utdanningssektoren.
- Nytt timeplansystem for ABU og Flåm skule.
- Nye modular i Økonomisystemet. Dette er bl.a. elektronisk reiserekning, eBilag og mottak av elektroniske fakturaer (E2B)
- Ny server for redundans på legesystemet og pleie- og omsorgssystemet.
- Nytt lagringssystem.
- Ny UPS til telefonsentralane på rådhuset, Fjordsenteret og Helsetunet.
- Ny UPS til datarommet på rådhuset.

Elles ein del utskiftingar av det eldste IT-utstyret.

Ingen store avvik på rekneskapet for 2011.